

– Glimrande lokalt tilbud

Det siste året har reiseruta for eldre som treng audiograf i Vest-Telemark blitt kraftig redusert. – Å få denne tenesta lokalt er eit svært godt tilbud. Me håpar ho blir fast etter prøveperioden, meiner Tore Skaug.

VTB Tone Tveit
tone.tveit@vtb.no

Audiograf Per Nykås sit klar inne på eit kontor på Kviteseid omsorgssenter. Hørselskontakt i Kviteseid, Tina Rothstein-Kaasa, kan fortelje at det er ti personar som skal innom audiografen denne dagen.

Sjukehuset Telemark, Hørselssentralen og kommunane i Vest-Telemark har gått saman om eit eittårig prøveprosjekt med ambulerande audiograf.

Når VTB vitjar den ambulerande tenesta er Nykås klar for å ta seg av kundane i Kviteseid.

Ulike oppgåver

Ein gong i månaden besøker han brukarane rundt om i Vest-Telemark.

– Eg betener dei som skal ha service på utstyret dei brukar, lærer dei korleis det fungerer, tek reparaasjonar om det er naudsynt, gjer vurdering av hørsel hos personen eller tilpassar nye apparat slik eg skal gjere nå, fortel Nykås og ynskjer neste namn på lista velkomen.

Tore Skaug kjem inn døra. I tri år har han bruka høyreapparat på eit øyre. I dag skal audiografen teste ut eit nytt apparat som er mindre og lettare, men som han må ha i begge øyro.

– Kva tenker du om å gå frå eitt apparat til to?

– Nå har eg bruka apparat i venstre øyre i nokre år. Det tok litt tid før ein blei vand med det, men eg skal nok bli vand til det nye også, seier Skaug som er leiar for hørselslaget HLF Seljord.

– Det er heilt vanleg at det tek eit par månadar før ein er vand med eit høyreapparat. Slik vil det vere for Skaug nå som



Tilpassar: Audiograf Per Nykås tilpassar det nye høyreapparatet til leiar i HLF Seljord, Tore Skaug. (Begge foto: Agnete Straumsnes)

han får apparat på begge øyro også. Og det kjem til å bli eit betre hjelpemiddel enn det han hadde, meiner audiografen.

Nykås fortel vidare at det ikkje er mogleg å rekonstruere hørsel fullt ut, men at apparatet kan vere eit godt hjelpemiddel.

– Om ein person til dømes høyrer 50 prosent, kan han med høyreapparat kome opp mot 80 prosent av god hørsel att, seier Nykås.

Mykje mumling

– Kva var grunnen til at du tok ein kontroll på hørsla, Tore?

– Eg var på mange møte, mellom anna på jobb som journalist, og møtte ofte problemet med at det var vanskeleg å høyre skikkeleg. Folk i Noreg er fæle til å mumle. På møte opplevde eg at til dømes ordføraren i Kviteseid mumla, medan ordføraren i Tokke snakka tydeleg, seier Skaug.

– Det som eg også ofte høyrer er at det skjer fort missforståingar, ein oppfattar ikkje det andre seier, meiner Nykås.

Skaug fortel at han også fekk problem med å høyre kva folk sa i telefonen.

– Når eg ikkje hadde eit andlet å lese framfor meg, blei det ekstra tydeleg, meiner Skaug.

– Ti prosent av landets innbyggjarar har eit hørselsproblem, stadfestar Nykås.

God teneste

HLF Seljord har 130 medlemmer fordelt på Fyresdal, Kviteseid og Seljord, og er glade for tilbudet audiografen kjem med der dei bur.

– Det er eit glimrande tilbud som burde halde fram. Me set stor pris på å få ei desentralisert audiografsteneste, og me håpar at det kan bli ei fast ordning når prøveåret er ute, seier Skaug.

– Kva betyr det for brukarar av høyrehjelpemiddel å ta turen til sitt lokale omsorgssenter, og sleppe å køyre ned til Skien for få utført ei slik teneste?

– Eg køyrer bil og kan fint ta ein tur med bussen, men det er ikkje alle som er så mobile. Dette er eit tilbud som absolutt burde bli fast, avsluttar Skaug som testar ut det nye apparatet fram til ny kontroll i september.

Datastyrd:

For å tilpasse høyreapparatet rett tek audiografen ulike testar ved hjelp av kommunikasjon mellom høyreapparatet og datamaskina.

